

# Møtereferat

Dato: 8. juni 2021

|                    |  |   |
|--------------------|--|---|
| <b>Emne:</b>       | <b>Næringsforum</b>  |   |
| <b>Til stades:</b> | <input checked="" type="checkbox"/> <a href="#">Jan Heggheim</a> Møtearrangør<br><input checked="" type="checkbox"/> <a href="#">Anne Kverneland Boqnes</a> Obligatorisk deltaker<br><input checked="" type="checkbox"/> <a href="#">Bård Sandal</a> Obligatorisk deltaker<br><input checked="" type="checkbox"/> <a href="#">Elin Sjødin Oranje</a> Obligatorisk deltaker<br><input checked="" type="checkbox"/> <a href="#">Endre Høgalmoen</a> Obligatorisk deltaker<br><input checked="" type="checkbox"/> <a href="#">Geir Mikalsen</a> Obligatorisk deltaker<br><input checked="" type="checkbox"/> <a href="#">Grete K Berg</a> Obligatorisk deltaker<br><input checked="" type="checkbox"/> <a href="#">Gunnar Yttri</a> Obligatorisk deltaker<br><input checked="" type="checkbox"/> <a href="#">Kathrin Jakobsen</a> Obligatorisk deltaker<br><input checked="" type="checkbox"/> <a href="#">Kerstin Spjøtvoll</a> Obligatorisk deltaker<br><input checked="" type="checkbox"/> <a href="#">Margareth Hagen (margare)</a> Obligatorisk deltaker<br><input checked="" type="checkbox"/> <a href="#">Mette Nora Sætre</a> Obligatorisk deltaker<br><input checked="" type="checkbox"/> <a href="#">Nina Broch Mathisen (nina)</a> Obligatorisk deltaker<br><input checked="" type="checkbox"/> <a href="#">Rekkedal, Christian Ifmsfre</a> Obligatorisk deltaker<br><input checked="" type="checkbox"/> <a href="#">Rigmor Fardal</a> Obligatorisk deltaker<br><input checked="" type="checkbox"/> <a href="#">Roger Pilskog</a> Obligatorisk deltaker<br><input checked="" type="checkbox"/> <a href="#">Solve Dag Søndberg</a> Obligatorisk deltaker<br><input checked="" type="checkbox"/> <a href="#">vidar.ulrikSEN@fiskeridir.no</a> Obligatorisk deltaker<br><input checked="" type="checkbox"/> <a href="#">Øystein Høyvik</a> Obligatorisk deltaker<br><input checked="" type="checkbox"/> <a href="#">Rekkedal, Christian &lt;fmsfcr&gt;</a> Valgfri deltaker<br><input checked="" type="checkbox"/> <a href="#">Jone Engelsvold</a> Obligatorisk deltaker<br><input checked="" type="checkbox"/> <a href="#">Kristine Kopperud Timberlid</a> Obligatorisk deltaker<br><input checked="" type="checkbox"/> <a href="#">Reidun Kristina Malvik -reis</a> Valgfri deltaker<br><input checked="" type="checkbox"/> <a href="#">Lasse Kolbjørn Anke Hanser</a> Valgfri deltaker<br><input checked="" type="checkbox"/> <a href="#">Roger Asarmoen</a> Obligatorisk deltaker | Ingen<br>Godtatt<br>Godtatt<br>Godtatt<br>Ingen<br>Godtatt<br>Ingen<br>Godtatt<br>Ingen<br>Ingen<br>Ingen<br>Ingen<br>Ingen<br>Ingen<br>Avslått<br>Ingen<br>Godtatt<br>Ingen<br>Godtatt<br>Godtatt<br>Godtatt<br>Godtatt<br>Godtatt<br>Godtatt<br>Godtatt<br>Godtatt<br>Ingen<br>Ingen<br>Avslått |
| <b>Forfall:</b>    | Roger Pilskog, Nina Broch Mathisen, Rigmor Fardal  |   |
| <b>Møtetid:</b>    | Fredag 4. juni 2021 kl 0900 – 1100   | <b>Møtestad:</b> Digitalt   |

**Møteleiar:** **Bård Sandal**

**Referent:** **Jan Heggheim**

Sak 23/21: Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Det er ikkje merknader til innkalling og sakliste

Sak 24/21: Godkjenning av referat 4. mai 2021

Vedtak:

Referat frå 4. mai 2021 vert godkjent.

Sak 25/21: Regional plan for innovasjon og næringsutvikling

«Berekraftig verdiskaping»

Kort munnleg orientering om status etter handsaming i hovudutvalet 25. mai og fylkesutvalet 2. juni.

Vedtak:

Næringsforum Vestland tek orienteringa til vitende, og noterer seg vedtakspunkta:

**Denne saka skal heilt til fylkestinget sitt møte 16.juni, men hovudutval næring sitt vedtak vert førande for den vidare behandlinga. Under er vedtaksteksten frå møtet 25.mai:**

1. Fylkestinget i Vestland vedtek «Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 – 2033» og med dei endringar som kjem fram i saka og desse endringane:
  1. eit nytt kulepunkt i sentrale føringer på s.18: «Utbygging av ny næringsutvikling og ny industri skal skje på ein så skånsam måte som mogleg.»
  2. I siste avsnittet av kapittel 4.4. (s.24) endrast «overordna retningsliner» til «sentrale føringer» slik at omgrepa vert samstemt «sentrale føringer» i heile planen.
2. Fylkestinget i Vestland vedtek «Berekraftig verdiskaping - Handlingsprogram 2021» med dei endringane som kjem fram i saka.
3. Fylkestinget ber om at følgjande temaplanar vert utarbeidd i perioden:
  1. Temaplan reiseliv
  2. Temaplan landbruk, inkludert jordvern
  3. Temaplan breiband og digitalisering
  4. Temaplan forsking, med fokus på berekraftig og eksportretta industriutvikling
4. Fylkestinget gir fylkesrådmannen fullmakt til å gjere tekstlege endringar i plandokumentet i tråd med rammene i denne saka. Dette skal skje i samråd med fylkesordførar
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å utarbeide eiga sak om handlingsprogram 2022-2025 til fylkestinget som vidare oppfølging av planen
6. Fylkestinget ber om at det vert lagt stor vekt på tiltak som kan sikra og skapa arbeidsplassar i bransjar og område som er sterkt råka av korona-

pandemien. Samstundes bør ein og i samarbeid med næringslivet, bidra til å utvikla industri for å møta dei utfordringar pandemien har avdekkja, til dømes innafor smittevern.

7. Fylkestinget legg til grunn at næringslivet blir sterkt involvert som deltarar og premissleverandør i det vidare arbeidet med å følgja opp planen.
8. Næringsplanen er eit førande rammeverk, men skal ikkje utelukka støtte til andre interessante initiativ og tiltak.
9. Fylkestinget vil peike på at det må arbeidast for tilgjengeleg næringskompetanse i alle delar av fylket.

#### **Sak 26/21: FoU-forum Vestland**

Næringsforum ynskte å komme tilbake til denne saka, og i dette møtet legg vi opp til å få etablert ei liste med oppgåver næringsforum ser føre seg at FoU-forum tek seg av. Vi ber om at medlemmene kjem med forslag på vegner av eigen organisasjon.

Innleiing ved Jone Engelsvold, Vestland fylkeskommune

Vedtak:

Næringsforum ynskjer at FoU-forum Vestland legg vekt på følgjande arbeidsområde med følgjer for arbeidet med næringsutvikling:

Større satsingar, scenarioanalysen, samspel i verkemiddelapparatet og partnarskapen på fleire nivå.

FoU-forum kan vere vårt koordinerande verkemiddel.

Prioritere dei store utfordringane: Regionen har høvesvis mindre EU-midlar enn vi burde hatt. Ei oppgåve for forumet.

Samspelet mellom regionalt forskingsfond og andre kjelder. Reg forskingsfond mobiliserer dei små.

Sikre samordning med etablert EU-nettverk

Fokus på informasjon om aktørane vil vere viktig. Nemner spesielt tenesteinnovasjon, digitalisering, IKT, havet. Følgje med på langtidsplanen for forsking og høgare utdanning.

EU og innovasjon i off sektor kan vere stikkord.

Bygge opp og halde vedlike forskingsinfrastruktur, testinfrastruktur

**Sak 27/21: Kartleggingsprosjekt innovasjonsstrukturen i Vestland**

Siva har begynt arbeidet med kartlegging og evaluering av regionale innovasjonsstrukturar. Vestland er eit av to fylke som er med i pilotprosjekt.

Innleiing ved Kjerstin Spjøtvoll, Siva

Vedtak:

Næringsforum tek orienteringa til vitende, og ynskjer lukke til! Fleire av medlemmene uttrykte ynskje om å få ta del i oversikta, og særleg koplingane til dei andre aktørane og ulike forum.

**Sak 28/21: Felles energi- og industripolitisk plattform**

Ei rekke organisasjonar la fram plattformdokumentet 26. mai. LO og NHO er to av dei.

Innleiing ved Grete Berg, NHO

<https://www.nho.no/contentassets/67d09fd17be24b91be4c05147e8d4d20/rapp-ort-felles-energi--og-industripolitisk-plattform-.pdf>

Vedtak:

Næringsforum tek orienteringa til vitende

**Sak 29/21: Grøn Region Vestland**

Dette har Næringsforum fått orientering om før, og Kathrin Jakobsen gir ei oppdatering.

Vedtak:

Næringsforum tek orienteringa til vitende

**Sak 30/21: Eventuelt**

Nye medlemmer:

Næringsalliansen/SF Næringsråd blir invitert til neste møte. Det blir laga ei eiga sak på dette.

Møtedato: Det blir sendt ut ein doodle-invitasjon med forslag til møtedatoar, medlemmene vil gjerne ha fleire alternativ.